

Folkeminne

Samla og oppskrivne

Av

Hallvard Lid

Innhald

Hallvard Lid	s. 3
Merkedagar	s. 4
Yvertru av ymse slag	s. 8
Sogur	s. 14
Frå kvardagslivet	s. 28
Ymse skikkar, lag og dermed nærskyld	s. 35

Dette skriftet med folkeminne samla av Hallvard Lid blei første gong trykt i Vardens prenteverk, Skien 1936

Hallvard Lid

var fødd på Lid i Flatdal i 1872. Foreldra var Halvor Olsen Lid og Anne Eivindsdotter. Han tok underoffiserskulen i 1893, lågare lærarprøve på Notodden i 1898 og høgare lærarprøve i Seljord i 1903. Først var han lærar i Kilen og seinare på Sétflot skule i Kviteseid. I 1904 gifte han seg med Anlaug Bergland. Dei kjøpte Bergland i 1920 av foreldra til Anlaug.



Hallvard Lid var i mange år med i kommunestyre og formannskap. Han var formann i styret for Kviteseid bygdetun frå 1933 til etter krigen. På denne tid var plasseringa av bygdetunet enno ikkje avklara og mykje krefter gjekk med til å finne løysing på det problemet. Han var ein ivrig folkeminnesamlar og han skreiv også små forteljingar og dikt i ymse blad.

Hallvard Lid døydde i 1951.

Merkedagar.

Etter kvart som åri skrid, so fær me færre og færre av merkedagar — d. v. s. slike som det vert gjeve gaum på. Men det gjeng ikkje alle stader like fort — sume stader hev dei so å segja kvorve heilt burt, medan der på andre stader enno er ei heil rekkje av dei. Ein stor deil trur ikkje lenger på merkedagane, men segjer at både merkedagar og vermerke hev vorte for gamle. Likevel so kjem dei desse dagane i hug, når dei kjem. Dei minnest altso dagane — og talar um dei — so dei hev vel ikkje heilt mist trui, endå den nedervde vanen truleg gjer mest.

Her skal eg nemna dei merke-dagane som enno av og til er i bruk — allvisst liver dei då i minnet hjå sume.

1. Vinternett (14. oktober) vert mykje gjeven gaum på både som flytjedag for tenestfolki og for at dei av vêret den dagen tek merke for vinteren. Er soleis vêret godt den dagen, vert det ein god vinter. Dagen vert og bruka i tidsrekningi — allvisst når det gjeld betaling av pengar um hausten — t. d. so og so lenge fyre vinternett, eller so og so lenge etter.
2. Helgomess (1. november) vert enno gjeven mykje gaum på. Det vert tala um helgomess-flaumen — då vert bekkjene reinska for daudlauv.
3. Kari Vasskjer (25. november).
4. Lussinatti (13. desember) er mykje umtala, men helst for moro. Det segjest at denne natti er so lang at kyrne av berre svolt og ørvæna bit tri gonger i bandet fyrr nokon kjem og stullar.
5. Trettan-dagen (6. januar) hev ikkje lenger so stort verd for folk som fyrr.
6. Eldbjørg-dagen (7. januar — 14. dag jol) er lite påakta.
7. Midtvinterdagen (12. januar) er det få som sansar på — endå det frå gammalt vart sagt, at då rulla vinteren yver rygg.
8. Tjugendag jol (13. januar) vert sjeldan gløymd, men er berre ein skugge av det han fyrr var.
9. Kyndelsmess (2. februar) er mykje umtala, og vert ikkje so lite bruka i tidsrekningi — serleg um kyr som skal bera straks fyre eller etter den tid.

10. Blåsmess-dagen (3. februar) er enno i friskt minne. Då kveikjest liv i alt som hev lege i dvale.
11. Peder Stol (22. februar) er lite umtala. Slik som vêret er den natti segjest det å verta i 40 netter etter på.
12. Lauparmess (24. februar) vert no sjeldan umtala. Fyrr vart det gjerne sagt, at ein ikkje skulde til ukse med kyr fyre den tid.
13. Marmess (25. mars) er framleider mykje umtala og bruka i tidsrekningi som Kyndelsmess. Det vert mykje teke merke av vêret det leitet. Mange segjer: «So mykje som bekkjene renn fyre Marmess, so mykje skal dei koma til å stå etter. Marmessnettene (tri fyre og tri etter) vert mykje gjevne gaum på enno. Det vert so tidt tala um gode (linne, læe) og kalde (vonde) Marmessnetter. Dei tri fyrste skal ein taka merke av for våren, og dei tri siste for hausten *)
*) *Eg hev høyrst sume sagt det ogso i umvendt orden.*
14. Sumarnett sumarsdagen (14. april). Det vert mykje lagt merke til um det er mildt og godt vêr den dagen; difor kann ein ofte høyra: «I dag hev me ein god sumardag» - eller: «I dag hev me ein kald sumardag». Dei trur gjerne at sumaren kjem til å likna på sumardagen. Snøgar det den dagen, segjest det å koma ni snøfall fram yver våren.
15. Jonsok (24. juni). Dagen vert mykje gjeven gaum på. Han vert mykje teken med i tids-rekningi - t. d. so lenge fyre eller etter jonsok. Regner det den dagen, ventar folk å få ein våt sumar - og helst haust.
16. Midtsumardag (14. juli) vert ofte nemnt no til dags au. Då er den varmaste tidi av sumaren gjengen.
17. Margit Vassausa (20. juli) vert og nemnt av sume.
18. Jakob Våthatt (25. juli.) Regner det den dagen, kann ein venta ein våt haust.
19. Olsok (29. juli) Denne dagen vert òg mykje bruka i tidsrekningi, som dei andre dagane som er nemnde i so måte. Hev det vore ein turketur fyre denne dagen, so er det grunn til å vente regn då - Olsokflaumen -- som han vert kalla. I dei seinare åri hev det vore mykje i bruk å halde stemnor på den dagen. Og då er det vanleg å minna um Heilag Olavs liv, arbeid og fall på Stiklestad.
I dei øvre bygder i Telemark hev det frå gamal tid vore skikk og bruk å eta Olsok-grauten - som i dei seinare åri helst hev vorte kalla Slåtte-grauten - smør eller rjomegraut.
20. Kvenneknaarren (1. september) vert enno mykje gjeven gaum på. Regner det ikkje den dagen, kann ein venta ein turr haust.
21. Mikkelsmess (29. september). Denne dagen vert ogso mykje teken med i tidsrekningi - helst av krøterhandlarar.

Vêrmerke.

22. Vinden strid varer dagane tri til ni.
23. Laurdagsregn ser ikkje sundags høgmesse.
24. Sundagsregn er vikeregn.
25. Når hubroren skrik på austsida av dalen, ventar han fint vêr; men skrik han på vestsida, ventar han uvêr.
26. Når hakkespettone og kjøtmeisane kjem heim til husi um vinteren og heng i veggene, er uvêr ventande.
27. Når regnkvipa (Gjertrud-fuglen) skrik um sumaren, ventar ho regn - og um vinteren linnvêr. Hev det vore ein lang turketur, skrik ho lenger fyre regnet kjem, enn um det nylig hev regnt.
28. Fjorden løkjar seg mot regn.
29. Når is legg seg um våren - etter at vinterisen hev reist, er turketur ventande.
30. Legg isen seg midt etter fjorden i oktobermånad, vert det linnvêr til jol.
31. Kjem ikkje fisken på gåttone fyrr i november månad, vert det linnver til jol.
32. Når katten ligg og krullar seg saman, ventar han uvêr.
33. Når katten um sumaren bit i grasstrå, er regn ventande.
34. Når tussespytt (skumdottar) heng på grasstrå, tyder det regn.
35. I Kvitseid er det vel kjent: Når isen um våren driv upp yver Sundekilen mot Klokkarodden, er eit godt kornår ventande.
36. Austanvêret um vinteren kjem med snø, og vestanvêret med linnver. Når ein um vinteren høyrer sus i åsane i aust, er snøvêr ventande; men er det i vest, vert det tøyr.

Noko um ny og næ.

37. Sundagsny skal vera det beste*) og laurdagsny det kleinaste. Difor vert det ofte sagt: «Det er betre ikkje ny få enn laurdagsny.
*) *Allvisst um det ogso fell på ein joledag.*
38. Ny som ligg mykje på ryggen (vidøpe) skal um vinteren tyda snøvêr, men stend det mykje upp og ned, vert det helst kaldt.
39. Kyr, som skal bera, gjeng det fortare og greidare med på ny enn på næ.
40. Veden skal vera fastare på ny enn på næ.
41. Det er enno rett mange som trur at kjøtet vert fastare på dyr som vert slakta på ny enn på næ.
42. Her er endå røynde steinarbeidarar som fortel at steinen spring lettare på ny enn på næ.

43. På næ vert magen på gaupone so sid at dei hev vondt for å ganga.
44. Når sjøfuglane kjem langt inn yver land og slær seg ned på innsjøane, er uvêr ventande.
45. Svola flyg lågt mot regn- og i regnvêr.
46. Mauren søkjer mot tuva og tettar att holone mot regnvêr. Når han ventar fint vêr, opnar han holone att, sjølv um det endå regner noko.
47. Når tordivelen flyg - eller gjeng utfyre bakke, er uvêr ventande, men fer han mot bakke, vert det fint ver.
48. Når sauene spring mykje - og helst hoppar på stive bein (og det gjer dei helst um kvelden) — då ventar dei vind, vert det sagt.
49. Når grisen ber i bol, ventar han uvêr.
50. Når kyrne doggar meir enn vanleg på mulen, ventar dei regn (um sumaren).
51. Bekkjesus — helst i tronge dalar — fær gjerne ein annan ljod fyre vårskifte — stundom fleire dagar fyreått.
52. Stend skogen stakka (med snø på) jolekvelden, nyårskvelden og tolvte-aftan, kann ein venta eit grødeår.
53. Kjem fuglane snøgt i spikkebandet — etter det er oppsett — kan ein venta eit klent år, men drygjer dei lenge, vert det eit godt år.
54. Mykje rogneber tyder ein våt haust.
55. Nedbør er ventende, dersom stjernone «kavar», «vassar», d. v. s. at um det tykkjest vere klårt, so synest stjernone likevel å vere dimme.

Vinterbrauti.

56. Den dag i dag er det mange som fram yver hausten gjev gaum på vinterbrauti. Ved å granske den, trur den, på det næraste, å kunna få greida på dei litt større snøfall fram yver vinteren.
Eg hørde ein gamal mann sa: «Vinterbrauti er eit sikkert vêrmerke det».
Den som vil granske vinterbrauti, lyt sansa på, at den austre enden høver til hausten, klufti til jol og vest yver der frå til våren.
Dei kvite dottane tyder snøfall, difor er det lett å rekne seg til talet. Ja, ein kan nokortil leites få greida på storleiken — um ikkje nett so, at ein fær greida på kor mange dagar det kjem til å snøa — og heller ikkje kor mange tummar snø det kjem til kvar gong; men ein ser då um snøfalli vert store eller små.
Det vert ofte sagt: «Mars kjem aldri so vond og vreid anna enn han skakker på ein sledemei». Og: «Mars med sin kalde rass» .

Yvertru av ymse slag.

Småting som vart lagt mykje merke til.

Mot (møte) av ymse slag:

Fyrr vart det mykje gjeve gaum på kven dei fyrst møtte etter at dei reiste heimanfrå. Det fylgde soleis ingi lukka med å møte eit kvinnfolk — utan det då var ei hore. Å møta ein manns-person var godt; men best var det å møta mann og hest.

Sovore som tyder feigdi (døden):

Å høyra reveskrik nær heimen - helst um det hende fleire gonger etter kvarandre — skulde vere eit merke på at ein i den heimen snart skulde liggja lik. Det same tydde det um ein hørde kattuleskrik nær heimen. Låg noko i kross, der ein laut ganga, so trudde dei at det var eit fyrebod på døden til han som såg krossen.

Skjereskrik:

Det var ålmenn tru at når skjeri skreik, so kom det framandfolk.

Knakk det i låsen, som um ein tok i døri, so kom det folk — helst ein av dei i huset som var burte og attventande.

Naus ein, so kom det framande. So mange vendor som ein naus so mange framande kom det.

Når katten sleikte seg bak, skulde det vere merke på at det kom folk.

Når ein skulde ut på reise — sjølv um ho var stutt, — so laut ein alltid segja Jesu namn for å kunna ha lukka med seg. Den som gløynde å segja det — og endå verre um ein ikkje vilde segja det, men «flaug» av garde, som dei kalla det, i tankeløysa, likesæla, illska, — kunde «fljuga» på dyr eller menneske der han kom fram. Og då kunde dei som vart flogne på verte so sjuke at dei døydde. Dei som vart flogne på — helst husdyri - fekk det gjerne med å svive — og heldt ofte på med det til dei stupa daude. Det skulde hjelpa um han som flaug, fekk taka på han som vart flogen på — anten det no var folk eller fe.

Noko liknande var det — som det sundom hende — at einkvar kasta sjukdom — helst «drito» — livsykja — på andre. Dei sa gjerne so: «Jon kasta drito på Jon». Det var og ymse ting som laut gjerast, når ei ku skulde kalve.

Soleis når ei ku hadde kalva fyrste gongen, måtte det vere tvo til å bera

inn mjølke-bytte på ein staur millom seg, og so skulde dei kvila på dørhella. Vart dette gjort, kom kui til å verte god til å mjølka. Og i den fyrste drikke-bytta dei gav kui, laut dei ha nedi ei sylvskei og ein glod. Vart det gjort, kunde ikkje tussane få makt yver kui.

Dersom ein tretta um fisken i eit fiskevatn, kom fisken ofte burt. Her er eit døme.

Austum fjellet Roan i Fyresdal ligg Raunvatnet i deile millom Vrådal og Fyresdal. Fyrr mange år sidan låg der ved dette vatnet mange heimar. Vrådølane budde på austsida og fyresdølane på vestsida. I Raunvatnet var på denne tidi både mykje og stor fisk. Det vert fortalt at dei fekk fiskar som vog yver eit bismarpund (6 kg.) No bur det ikkje folk ved Raunvatnet, men eit stølsro, Valavatsstølen kan ein enno sjå som eit minne frå den tid folk rudde jordi der.

Folki ved Raunvatnet livde mest av krøteri sine, og so av jakt og fiskeing; men der — som so mange andre stader — vart det uvenskap um desse næringsgreiner.

Ein haust møttest tvo av eigarane ved bekken som renn ut av vatnet — baae tvo skulde ljostre. Dei vart uvener um fiskeing og tok snart til å slåst. Mannen frå vestsida tapa, og då vart han so harm at han svor på at det skulde verta slutt med fiskeing i Raunvatnet. Morgonen etter støytt han ned ein stor rogn, kabba av ein stor kubbe og skov han, og då han hadde gjort det, kasta han kubben ut i vatnet og ropa yver til mannen på austsida: «No skal det ikkje verta fisk å få i Raunvatnet fyrr denne rognkubben heilt er rotna!» Fisken kom burt, og enno hev det ikkje kome fisk i vatnet. Truleg hev ikkje kubben rotna enno.

Etter som folk fortel, so skulde det vera sume som kunde «Fiskebøni». Dei kunde få so mykje fisk dei vilde ha. Nokon namngjeven mann, som kunde bøni, er ikkje råd å få tak i.

Muro er det sjeldan nokon nemner no. Og um det hender at nokon fortel at han hev vorte muroriden, so vert det ikkje lagt noko anna i det dei fortel, enn at det var ein vond draum, som sermerkte seg ved at han som drøymde ikkje fekk leda seg. Nokor boteråd vert visst heller ikkje bruka mot muro — einast kan det vera at det vert sagt til borni at dei må lesa Fadervår fyrr dei sovnar, for då fær ho ikkje nokor magt med dei. Men fyrr stod dei ikkje rådlause — dei bruka både ord og gjerningar. Soleis vart det ofte hengt ein murokvist yver sengene.

Oskoreidi hev visst folk heilt mist trui på, etter det ein kan skyna. Kjem ho stundom på tale, so er det berre som ei segn. Endå ein kan skyna at mykje yvertrui heng att — helst hjå dei gamle — so er det likevel lett å merka at trui

på Oskoreidi er heilt skrinlagt.

Draugen — eller rettare sagt sogone um han — lyt me vel helst rekne til dei antike. Den som vil få tak i ei sovori segn, hev ikkje so godt for å få tak i andre enn dei som alt er upp-skrivne og prenta.

Vardivle (Vardøgle) er det enno mange som trur på — um ikkje nett som fyrr — for då tenkte dei at vardivle var ein devel som gav seg til kjenne for folk i ein heim, når ein der var feig og snart skulde døy, anten av sjukdom, ved drukning eller kom til å verta drepen. Stundom kunde då folki der, ei stund fyre avferdi, høyra slag i dør eller vegg. Stundom kunde dei sjå vardivle, som ein hare. No er det vanleg tru, at vardivle av den som snart skal døy, syner seg i vedkomandes eigen ham — og det helst ved høglojos dag.

Ei kona fortalde nyleg um tvo menner, som ho namngav, og dei såg ho utpå tunet, berre nokre få meter frå glaset der ho stod. Dei gjekk mot stovedøri, men då dei ikkje kom inn gjekk ho ut for å sjå kor dei vart av, dei var ingenstad å finna. Fyrrst tvo timar etterpå kom dei.

Ei onnor kona fortalde at ho såg far sin koma inn yver stølsvollen, der ho sat til støls.

Far hennar kom ikkje den dagen.

Ein kan av og til høyra at folk talar um Voren — d. e. mannsjeli som nett fer ut av likamen. Um nokon hev set han, er uvisst.

Hekseri trur nok ikkje nokon på no lenger, men sogor frå farne tider fortel um folk som skulde vera vel heime i den vitskap, er vel kjende. Folk trudde at det var serleg prestane som var godt inne i den kunsti, — og åt dei hadde Svarteboki som det sikre grunnlag. Av slike sogor frå Kviteseid skal denne nemnast.

Ein av prestane i Kviteseid — kven det var er ikkje på det reine — hadde vore i Vrådal og messa ein sundag. Det var endå um vinteren. Då han kom ned i Kviteseidkleivane, fekk han ikkje hesten av flekken — korleis han enn bar, seg åt. So gjekk han fram og såg gjennom beksleringen, Og då fekk han sjå at det var vondemannen som heldt hesten. Då vart presten eitrande sinna og bruka svartekunsterne sine so godt at develen laut sleppa, taket snøgt som ein eld. Men då var det berre so vidt at presten fekk kasta seg i sleden, for hesten tok ut som ein vind.

Draumen er det enno mange som trur på, soleis at dei ved hjelp av den kan få ein glytt inn i framtidi. Dei hev gjerne visse merke å halda seg til. Å drøyma um varme, skal tyda uvenskap — um lort tyder sladder, og um lus tyder sorg.

Fredhelga dyr. Det er enno dei som trur at det fylgjer uheppa — på ein eller annan måte — med å drepa ei vevkjerring. Um eit slikt dyr kjem der,

som det ikkje må vera, vert det varsamt bore burt. Loppor må heller ikkje drepast um ein ser, dei utan på gongeclædi men i sengeclædi er dei uhelga og kan drepast. Råkar det til at eit av desse spretne smådyri kjem i andletet på nokon, er dei reine lukkedyr — so det vilde vera burt imot heilagbrøt å drepa dei.

Trui på jutulane (bergrisane) hev no heilt kvårve burt, men som eit minne um denne trui finst det enno mange segner um slike.

Tussar er her enno folk som trur på. Men det vert sjeldan gjort nokon skilnad på haugetussar — slike som dei trudde heldt til i fjelli og var store umlag som menneski — og på vette — slike som budde i haugar.

(Vettehaugar): Desse vettetussane meinte dei var store som ein 10-12 års gamal gut. Desse tusseslagi vert ofte blanda saman med nissar, som dei trudde heldt til i husi — helst i fjøs og stall -- var på storleik som småborn.

Trui på dvergar, nykkar, fossegrimmar og havfruor tykkjest heilt høyra fortidi til.

Trui på at sume kunde stemma blod, hev halde seg heilt til våre dagar. Dei tvo stubbane, som no vert fortalt, syner det - og dette hende for umlag hundrad år sidan.

På søndre Rui i Flatdal heldt ein enkemann brudlaup med ei enkja frå Løkslid i Hjartdal. Det var eit stort brudlaup med mange gjester både frå Flatdal og Hjartdal.

Som vanleg i dei tider, reid brudlaupsfolki til og frå kyrkja, og då det var vanleg å ha nøgdi av brennevin, so hende det nok av og til at ein og annan datt av hesten. Denne gongen var det sjølve brudgomen som laut i bakken — noko som ikkje var so rart — då han både var gamal og truleg ustød av brennevin. Nok um det. Lars — so heitte mannen — måtte av hesten og fekk eit stygt hogg i panna, so blodet fløynde or såret. Det hjelpte ikkje korleis dei bala med han, han blødde like ille.

I laget var det med ein hjartdøl som kunde stemma blod, og då han såg kor ille det stod til med brudgomen, spurde han um nokon hadde sundags-smurde skor. Der var ein som hadde det. Då tok hjartdølen og strauk med fingregomen på den eine skoren, og etterpå strauk han på såret og sa: «No ska' dæ ikkje kåmå ein dråp på meir om så hue va' ta.» Då blødde det ikkje meir*.)

*) *Denne saga fortalde Gregar Rui. Han hadde høyrte henne av far sin, Gunleik Rui og han hadde høyrte henne av eit av augnevitni — som var 18 år gamal, då dette hende.*

På garden Kyrkjerud i Flatdal var det eit jolelag. Dei dansa der, og Olav Bægjuv - son til Jakup — spila. Ein av gjestene var Olav Nordlid, Raud-Olav

dei kalla. Han var full. Olav var mykje til god kar, og han var aldri pruten på å syna det.

Frampå natti kom det ein annan mann frå same bygdi til laget. Kjetil heitte han, og vart jamnast kalla Kjetil Børste. Kjetil sette seg ovanum bordet og tok snart til å kyte. Då var ikkje Raud-Olav sein, men tok Kjetil og drog han yver bordet og i golvet med han - og bank fekk'n. Kjetil skreik at Olav tok livet av honom, og då kom det fleire til og fekk dei skilde frå einannan. Kjetil tok til beins so heitt han kunde, og burt i Brekkunn - eller Åsebrekkunn, som dei òg vert kalla, då dei ligg nær Åsegardane. (Dette er den gamle vegen gjenom Flatdal). Komen sud i Brekkunn, stana Kjetil og tok til å kyte att. Dette høyrde Raud-Olav og treiv ei smidjetong og sette etter.

Karane rauk i hop på nytt, og Olav nysste Kjetil under seg; men so hadde Kjetil tollekniven ferdig og gav Olav 18 knivstikk fyrr folki, som kom etter, fekk dei frå einannan. Olav blødde so dei skyna det stod um livet, og då det var rådløst å stana blødingi, vart ein mann i all hast sendt avstad til Jakup Bægjuv, som var flink til å stemma blod. Til honom kunde ein som var snøgg på foten, koma på tjuge minuttar — eller ein halv time — og um vinteren, som dette var, kunde dei truleg fara yver elvi, og då greidde dei det vel på eit kvarters tid. Jakup stana blødingi med det same han høyrde kor det stod til*) *) *Dette hende for umlag 60 år attende. Soga er fortalt av Amund Øyland, som no (1930) er 77 år gamal. Nedskrivaren av dette er sjølv født og oppvaksen i Flatdal og hev høyrte soga fortalt mange gonger.*

Å galdra.

Eit lite stykke ovanum elveosen — der Bøelvi renn ut av Seljordsvatnet — og umlag rett i nord frå garden Ulveneset, lyt dei, som reiser med båten, leggja merke til ein bratt fjellvegg. Han er ikkje nettupp so høg, men det tykkjest kvila ein underleg illtokke yver han.

Det var ein fin sumardag eg reiste upp yver vatnet, og då kapteinen la merke til, at eg såg mot bergveggen, spurde han um eg hadde høyrte segni, som knyter seg til denne. Og då eg ikkje hadde det, fortake han slik:

«For mange år sidan, lenge fyrr det kom eimbåt på Seljordvatnet, vart det halde eit brudlaup på ein av Brekke-gardane.» Han peika burt mot Brekkgrendi og heldt fram: «Brudeferdi laut ro til og frå kyrkja — noko som folk der ikring var vel vande med dei tider. Og um sumaren, når vêret var fint, soli skein — himmelen, strendene og pråmane spegla seg i vassflata, då var det fint på Seljordsvatnet.

Kokka i brudlaugsgarden var trollkunnig — og dertil illsinna. Då ho såg

brudeferdi eit stykke ovanum Ulveneset på heimtur, vart ho rasande sinna, avdi ho hadde sumla tidi burt og ikkje hadde maten ferdig, eller rakk få han ferdig, til dei kom att. Ho skulde då hefta dei, og det gjorde ho på den måten, at ho galdra eit uver yver dei so hardt at alle saman gjekk til botnar nedunder den bratte fjellveggen. Der vart det seinare måla nokre minnerunor, som ein enno kan sjå noko av.

Gjera god att av ormestyng.

Det er ikkje meir enn umlag 50-60 år sidan at der i Vrådal budde tvo menn, som i ei snøggvending kunde gjera god att av ormebit.

Ein vrådøl fortalde dette:

«Eg kan vél minnst at me heime hadde ein liten hund som vart orme-stungen, og han vart svært dårleg, so me tenkte han kom til å daude. Men so sende far bod etter ein mann — namnet kan vera det same, då her liver fleire som er nærskylde med honom. Mannen kom og tok med seg hunden bakum løda og var burte i nokre få minuttar. Då han kom attende, var hunden like frisk».

Som fyrr nemnt, kunde dei tvo vrådølene gjera god att av ormebit — men um dei bruka ord eller medisinske råder er uvisst — eit er iallefall sikkert at lækjingi gjekk snøgt fyre seg.

Sogur.

Barnegråt.

Eit stykke austum Bystingen*) hørde folk tidt barnegråt. For tvo**) år sidan var det tvo gjentor som hørde denne barnegråten. Den eine av dei sa halvt på skjemt: «Du hev det visst vondt, du!» Men då tok det til å ula og tuta rundt umkring deim — ja, til og med under føtene deira, so gjentone vart reint fælne.

*) *Sjå «Ormen i Kviteseidfjordena —og «Dei gamle Kviteseidrøvarane»*

**) *Dette er skrive for nokre og tjuge år sidan.*

Kva kunde det vera?

Ein mann sat ein gong ved eit av vindaugo i stova si. Han såg upp yver ei bratt lid som ligg ovanum husi, og med eitt fekk han sjå eit anna stovehus tett utum sitt eige, og eit av glasi der vende mot det han sjølv sat ved. Ved dette glaset sat tri menn -- alle hadde heilskjegg. Dei såg beint på honom. Sogemannen min sa at han såg andlitsdragi deira so godt at han skulde kjernna dei att millom mange andre. Han såg huset og mennene i nokre minuttar, men so kvarv det heile burt. Dette hende midt på ljose dagen; men det var yverskya vêr.

Same mannen fortalde meg at på denne garden kunde ein ofte høyra liksom eit menneske gjekk ute ved stoveveggen, men ingenting var å sjå. Ein eldre bror av denne mannen hadde ogso ofte høyr det same utan å kunna finna orsaki.

Ein attergangar.

Det var ein dag i slátteonni at ein mann gjekk og slo på ein stølsvoll. Medan han gjekk og slo, kom det ei gjenta til honom og då han fekk sjå litt betre på henne, såg han at det var ei som hadde hengt seg der sumaren fyre. Mannen vart sjølvsagt redd; men då ho tok til å tala, kunde han ikkje la vera å svara, og so gjerne som han enn vilde, kunde han ikkje koma seg burt.

Gjenta bad mannen reisa til presten i eit erend, men kva han skulde, hev ingen fenge visst. Og då han hadde lova det ho bad um, vart ho burte.

Men då mannen vart kvitt den plågsame gjenta, tenkte han ikkje større yver det han hadde lova, og snart hadde han gløymt heile hendigi.

Jolaften, noko utpå kvelden, vinteren etter - sat mannen saman med huslyden sin og tenkte minst på nokon fåre; men so banka det hardt på utdøri. Tenestgjenta gjekk ut og skulde sjå kven det var og få vita erendet, men ho såg ingen. Um litt banka det på att, og då gjekk kona ut, Men ho såg heller ikkje nokon. Ei stund banka det på att for tredje gong, og då gjekk mannen ut, og der stod den døde gjenta. Kva ho sa no, vilde han ikkje segja men noko vigtugt laut det visst vera, for då han kom inn att, var han bleik som eit lik. Han gjorde seg ferdig med dei same og reiste til presten.

Etter den tid såg ikkje mannen noko til gjenta.

Ei stølsgjente fortalde denne saga:

Ein sumar var eg på stølen saman med ei onnor gjenta. Me skifte annan kvar dag med å gjæta og med å vera i selet. Ein dag eg var med krøteri burti beitet eit godt stykke frå stølen, hende det noko som eg aldri kan tru gjekk for seg på ein naturleg måte.

Eg sat med bundingen min på ein stein, og krøteri gjekk so fint rundt ikring meg. Eg kom til å sjå utyver flokken, og såg då at tett ved meg stod tvo av dei største bjøllekyrne i ein og same klaven, og dei snudde med hovudet same vegen. Bjølleklaven hadde aldri vore for stor, og no stod dei tvo største i heile flokken i same klaven - og baa hadde dei horn.

Der stod eg hjelpelaus langt frå folk, og ikkje hadde eg kniv so eg fekk skjera av klavereimi, og med berre hendane makta eg ingen ting å gjera, og eg kunde venta at dei vart kverkte i hel med det same. Eg ropa til Gud um hjelp, og eg hadde ikkje fyrr gjort det, so gjekk bjølleklaven sund, og kyrne tok til å eta som um ingen ting hadde hendt.

Det underlege dyret.*)

Det var ein sumar eg arbeidde i ei av dei øvste bygdene i Telemarki. Ein gong skulde eg flytja frå ein gard til ein annan, og då laut eg yver eit lite heidsnar. Midt oppå det ligg ein støl. Komen upp yver mot selet, såg eg eit dyr — stort som ein kalv — koma springande ned yver ein bakke og som det vilde beint på meg. Eg sprang då upp til sele-veggen for eg meinte at eg best kunde verja meg der. Dyret sette seg 4-5 meter frå meg, og då det var ljost som um dagen, endå klokka var burt imot 11 um kvelden — so kunde eg vel sjå dyret frå ende til annan. På liten likna det eit reinsdyr, og so var det heilt

utan hovud, men ein lang stump av halsen stakk upp i vêret, og augor tyktest det hava utyver heile kroppen;— dei glima og lyste so underleg,

Då dyret ikkje gjorde mine til å vilja gå vidare, so laut eg reise, men so lenge eg kunde timja det, sat det på same staden som ein hund. Eg skyna at det ikkje kunne vera noko anna enn develskap, difor våga eg ikkje, når eg kom fram til garden, å fortelja det eg hadde set fyrr um morgonen, avdi eg hadde høyrte at ingen måtte fortelja sovorne hendingar fyrr dagen etter; gjorde nokon det, vart han anten sjuk, eller kom ut for einkvan ulukka.

Då eg neste morgon fortalde til mannen i huset det eg hadde set, sa han: «Du er slett ikkje den fyrste som hev set dette dyret.» Og so fortalde han, at det for nokre år sidan vart drepen ein mann på same stølen, og etter den tid hadde der vorte so uroleg.

Den store mannen!*)

Nokre år seinare var eg og ein annen mann uppå Bandakstrondi og hogg timber. Det var langt til folk på alle leider og ukjømeleg vegaleid, difor laut me setja upp ei stova som me låg i um nettene. Ei natt, som eg låg åleine, vakna eg klokka halv tvo, avdi at døri gjekk upp — og inn steig ein uvanleg stor mann, — ja, han var so stor at han laut standa tvi-krokut for å få rom under loftet — endå det var dugeleg høgt til taket, -- for himling var der ikkje.

Fyrr eg la meg um kvelden, la eg nokre store vedkubbar på skorsteinen, og dei låg endå og brann, so det lyste yver heile stova, og difor såg eg mannen so kavende vel. Eg spurde kor han høyrde heime, og han svara at han budde tett ved.

Ei stund låg eg og såg på mannen, og då eg, som fyrr fortalt, var åleine — kameraten hadde reist heim — so tok eg til å verta redd; eg orka ikkje ein gong tala til mannen. Eg låg ei stund og såg på honom, men so med eitt kvarv han burt — nett som ei såpebuble.

So reis eg upp og la godt på varmen, og so la eg meg på sengi att, men fekk ikkje sova fyrr klokka var umlag 4 um morgonen.

Sett å! Sett å!*)

Det var ein sumar eg og nokre andre dreiv med timberfloting på Flåvatnet. Ein kveld, etter me var ferdige med dagsverket, la me til lands ved strandi nedum Bergsto, der me skulde liggja um natti. Bergsto ligg på vestsida av fjorden, og rett yver på, andre sida stikk der ut ein odde, som heiter Gullnes.

Med same me skulde draga i land pråmen, høyrde me det ropa frå Gullnes: «Sett å! Sett å!»

Me trudde det var mannen på Bergsto, og eg og ein av dei andre rodde difor yver til Gullnes, men då me kom dit, kunde me korkje sjå eller høyra nokon — endå me både leita og ropa.

Då me kom attende til Bergsto, var mannen heime. Frå Bergsto til Gullnes er umlag 1500 meter.

**) Desse tri søgune er fortalt av ein gamal flåtemann i Kvitseid.*

Skyldskap i segn og sogu.

Likeso visst som at eventyr, segner av ymse slag, og mange sanne hendingar, vart burtgløymde, so vart det lage nye av gamle. Og soleis hev det nok gjenge med mange av våre folkevisor ned igjenom tidene ogso. I mange tilfelle er det rådlaust — jamvel for dei sakkunnige — å segja kven er den opphavlege. Eg skal nemna segni av Andreas Faye «Brakandalen» — og «Kjetten på Dovre» av P. Chr. Asbjørnsen.

Det er lett å skyna at den eine av dei -- men kven er ikkje so godt å segja — hev kome til verdi ved at den andre gong på gong vart fortald uppatt og uppatt, og kom ut på reis frå ei bygd til ei onnor — ja, frå ein landslut til ein annan. Farande kræmarar var nok ofte sogeberarar.

I Kvitseid kan ein råka på ymse som kan fortelja segni um «Dei underjordiske i Brakandalen», — og i Vrådal fortel dei um «Dei underjordiske på Findreng». Og når tvo segner — som tvillaust er same segni — kann koma til å festa seg ved tvo heimar som ligg so nære kvarandre, so er det lett å skyna at segni vert litt umskapa — ja, og endå vert rekna som ny, når ho hev fare frå Dovre til Brakandalen i Kvitseid — eller kann hende den andre vegen.

Eg skal no, etter gamle Halvor Bukti, fortelja segni um «Dei underjordiske i Brakandalen».

Uppe på heidi, rett aust for den gamle Kvitseidkyrkja, ligg Brakandalnuten — og innunder nuten ligg Brakandalstølen. For mange år sidan låg største garden i Kvitseid der, og heitte då Brattingsdalen. Grannegarden i aust heitte Lindalen. No hev den garden og vorte umlaga til staule.

På Brakandalen budde rike folk, og ein skulde tru at folki der var ovnøgde i si stilling, men det var dei ikkje heilt — allvisst ikkje når joli var ventande. Kvar jolekveld i skymingi laut dei flytja ut or stova og inn i fjøset, avdi ein flokk med underjordiske kom, so snart det myrkna, og skulde hava jolegilde der. Folki på garden laut koste laget, endå dei ikkje var med sjølve. Fyrst når det vart ljost joledagsmorgonen kunde dei flytja innatt. Dei underjordiske laut koma seg avgarde fyrr det vart ljost. Men i den tid dei hadde vore der, hadde dei forsynt seg av det beste, både av mat og drykk som på

garden var.

Ein jolaftans kveld, so ved middagsleite, kom der ein vegfarande mann til Brakandalen og bad um hus til neste dag for seg og ein kvitbjørn han hadde med seg. Mannen i huset svara at hus skulde han nok ha fenge, men det var likevel uråd, avdi det var jolaftens kvelden, for då laut heile huslyden flytja inn i fjøset fyrr det vart myrkt, so huset kunde vera ryddigt til dei underjordiske kom.

Denne framandkaren kunde nok meir enn Fadervår, og dertil var han ein modig kar, som had-de set noko av kvart fyrr, og han bad endeleg um lov til å vera der um natti

Utpå kvelden kom det ein flokk underjordiske, og jolelaget var snart i full gang. Framandkaren hadde lagt seg innunder sengi, og bjørnen låg i skorsteirskråi.

Sume av dei underjordiske tok til å steikja kjøtt og flesk, og andre bar fram på bordet mat og drikke av det beste som var å finna i huset.

Ein av dei tok so noko kokande fleskefeitt og slo på snuta av bjørnen, og med same ropa mannen under sengi: «Bit i kvite!» Og med same sette bjørnen på dei underjordiske, so dei laut på døri so fort som råd var. So reiste framandkaren og henta folki or fjøset. Då kann du vita dei vart glade og takksame for at dei hadde vorte kvitt dei ubodne gjestene.

Jolaftans kvelden — neste år — kom ein av dei underjordiske fram på Brakandalnuten og ropa ned til mannen som gjekk ute i tunet: «Hev du kvitillen din no då, mann?» Mannen svara: «Ja, det hev eg, og no hev han fenge ungar au!» I tunet gjekk det tvo kvite kalvar, og den underjordiske meinte då at det var ungane av «kvititlen», og difor ropa han att: «Ja, so kjem me aldri til Brakandalen meir!» Og dermed for han sin veg.

Seinare hev ingen korkje høyrte eller set til dei underjordiske på Brakandalen.

Segni frå Findreng er so lik segni frå Brakandalen at det er ikkje bryet verdt å skrive henne upp. Eg skal berre nemne at i Findrengsegni fær me til slutt høyra: «På Findreng hadde dei i lange, lange tider etterpå kvite hestar». Dei kjende seg nok tryggare for dei underjordiske då.

Likesovisst som at det gjekk ein ålmannveg framum Brakandalen, so var det og med Findreng. Og det var vel ofte so at segner vart laga på slike stader — allvisst der dei naturlege tilhøvi elles var til det.

Svånøgsteinen.

I Hågås budde ein jutul som heitte Jørån*) og gygri, kona hans heitte Svånaug**) Hågås hadde vore deira heim i mange hundrad år, og der vilde dei liva til sin døyande dag.

Men so vart kyrkja sett upp på vestsida av Kvitseid-fjorden, og då kunde ikkje dei gamle i Hågås få fred for klokkeljomen, som kvar heilagdag høyrdest utyver dalen. Dei vilde då freista på å øydeleggja kyrkja med steinkast. Fyrst skulde Svånaug freista. Ho tok ein dugeleg stor stein og hivde. Han dala ned i Sunde-straumen straks ovanum der brui no ligg. Steinen hev fenge namn etter Svånaug, og dei som ser Svånågsteinen med vatnet er litet, hev all grunn til å ynskje seg å kunna greida ei styrkeprøve som gygrekastet frå Hågås. Men endå sa Jørån: «Du kasta som ein stakar!»

So tok Jørån ein stein — og det var no heller ikkje noko notuverk — og denne steinen ruvde meir, avdi han var flat, og difor betre å kasta, men han kom ikkje so mykje lenger han heller.

No skyna både Svånaug og Jørån at dei ikkje makta å rokke kyrkja, og då ingen hev høyrte gjete dei sidan, er det all grunn til å tru, at dei laut flytja frå Hågås — so langt at dei ikkje høyrde klokketonane. Og sume meiner dei sprakk med det same.

Jørånshella vart sundmina på den tid Sundestraumen vart mudra.

*) *Sume kallar hononi Rolleiv, **) Svånaug — Svånøg.*

Riselåmi i Brakandalnuten.

Frå toppen av Brakandalnuten gjeng der mot nord eit par berg-kløvur. Det er umlag 50 meter millom dei, og dei er so djupe og breide at ein kann sjå dei heilt yver til

Roholtfjellet i Vrådalen umlag ei mil. Dei vert kalla Riselåmi, og segni fortel:

Ein, rise vilde freista å løypa på ski frå toppen av Brakandalnuten og ned på ei myr som ligg straks ved gjordet på Brakandalen. Han greidde heile fjellsida, men då han kom ned på fløti, vart bakenden for tung — og der han kom nedpå, vart ei djup hola. Då risen kom seg på beini att, vart hola full av vatn. Dette er upphave til Brakandaltjørni.

Sidan for risen ned liene til Kvitseidfjorden, for han skulde ein tur oppyver dalen, og då der ingen båt var å få tak i, laut han vassa, — langbeina som han var, fælte han ikkje for å leggja uti. Endå han for midtfjords, nådde ikkje vatnet honom lenger enn til knei.

Upp gjennom straumane tykte han var lite vatn, for då han kom upp i Snø-

hyl — og der er Kvitseidstraumane djupaste — nådde det honom ikkje lenger enn til oklo. Men Bandak var ein djup pytt, sa han, for der skvalpa det vatn heilt upp i øyro.

Peningskrinet av risen. I*)

I Grøntorvnuten — eit fjell som på vestsida er hengjande bratt og skil millom Sundkilen og Kvitseidstraumane — ligg tri flate steinar på kvarandre uppi ei liti skorte i bratte nuten. Etter segni skal det vera peningskrinet av risen.

Andres, mannen i på Nigard- Nordskog, vilde ein gong kliva upp og sjå um der var pengar å finne. Han gjorde seg ein lang stige, som han tok med, for det siste stykke av vegen var det uråd å koma fram utan å hava ein sovo-

ren. Komen godt og vel uppi nuten, vilde han setja upp stigen, og han kom dermed til å sjå burt til heimen sin -- og då fekk han sjå at stova hans stod i ljøs loge. Og han laut difor snu heimatt so fort han kunde.

Då han kom so langt at han såg heim, vart han — som venteleg var — mykje undren yver å sjå at stova stod som då han reiste. Han skyna no at det var tussane som hadde vore ute med sine kunster. Andres freista ikkje seinare på å koma upp til pengeskrinet av risen.

*) *Sjå «Skyldskap i segn og sogn!»*

Peningskrinet av risen. II*)

For mange år sidan budde det på Strømstad ein mann som heitte Per. Han var både sterk og modig — og dertil huga på å syna kva han dugde til.

Per hadde ofte høyrte um eit pengeskrin som ein rise hadde standande i ei liti skor i Grøntorvnuten straks ovanfor Sørkosi Mang ein gong hadde Per sagt: «Eg gjev meg ikkje fyrr eg fær tak i pengeskrinet». Men folk talde ifrå, og sa at det kom til å ganga gale um han freista på det. Likevel gav ikkje Per seg, men seint ein kveld rodde han upp til Grøntorvnuten og batt pråmen sin nedanfor der han hadde høyrte at pengeskrinet skulde vera, og so kleiv han upp yver fjellet. Men då han hadde kome mest upp, so såg han attum seg, og dermed fekk han sjå at stova heime på Strømstad stod i ljøs loge, og so laut han snu att for so snøgt som råd å koma heim å sløkkja. Men som han kom heim til Strømstad-landet fekk han sjå at stova stod like raukeleg. Han hadde nok vore ute for ei synkverving. Um han seinare freista på å få tak i pengeskrinet hev eg ikkje høyrte.

*) *Sjå «Skyldskap i segn og sogn!»*

Jutulbrui.

Nokre hundrad meter utanfor Gullnes ligg ein attlagd plass som heiter Jutulbrui, og denne hev fenge namnet sitt avdi at eingong vilde ein jutul byggja ei bru yver fjorden. Og når det er stilt og klårt vêr, kann ein tydeleg sjå som ein breid, mur nedi vatnet frå Jutulbrui og yver mot garden Grosvoll, — og det er nok denne som ligg til grunn for sagnet. Kva grunnen kunde vera til at brui ikkje vart ferdigt, nemner sagnet ingenting um.

Tusseskeiene på Østenå.

På den eine av Østenå-gardane i Fjågesund i Kviteseid er tri matskeier av sylv. Ingen veit kor lenge dei hev vore der; allvisst hev dei gjenge i arv frå far til son so lenge nokon veit å fotelja.

Skeiene hev runde blad og eit stutt skaft med eit lauv i enden. Inni det eine skeibladet er inngrave «Gullbrand Olafsen» og «Gud trøste alle bedrøvede hjerter». Årstal finst ikkje på nokon av dei.

Til desse skeiene knyter seg denne segni:

Det var ein dag i skurdonni. Mannen på Østenå hadde lite arbeidshjelp, men mykje arbeid, og det som det hasta mest med, det var å få skjera Gullbring, ein stor åker attmed husi, som stod fullmogen. For å få skjera åkeren laga han til dugnad, og til denne bryggja han ei heil tunne malt. Natti fyre at dugnaden skul de taka til, kom det ein flokk med tussar og skar Gullbring, og etter på drakk dei upp alt ølet, som då stod i gong; men då dei ikkje hadde kunna bunde det kornet dei hadde skore, so la dei att dei tri nemnde skeiene i ølkjeret. Då mannen på Østenå opna kjeret, fekk han til si undring sjå at ølet var burte og skeiene komne i staden. Då han tok og såg på dei, høyrde han tussane ropa frå fjellet ovanum husi: «Me kann alle skjera, men ingen bendillen*) gjera».

*) *Bendillen: d. e. band av kornstrå, som ein bitt saman kvart korn-band med.*

Geitungen og tussane.

Då Gunnhild Nordskog var ei liti smågjente, hadde ho ein geitunge som ho hadde fenge av mor si. Ein dag kom geitungen burt, dei, fann honom ikkje att kor dei so leita. So tok dei til å fæla fyrr at tussane hadde teke honom.

Anne, mor til Gunnhild, gjekk då attum stova og ropa upp mot nuten: «Hev de meir rett til geitungen enn me, so fær de i Guds namn hava han!»
Då gådde ho, ikkje åt fyrr geitungen stod ved burshella.

Tussane lo.

Gunnar, bror til Gunnhild, var berre ein liten smågut, då han ein kveld, gjekk ute i tunet og vabba på nokre store styvlar som høyrde til far hans. So gleid han og datt på bakenden i ein søyledape. Då lo det so godt upp i nuten.

Tussen i Kleivdal.

For umlag eit hundrad år sidan budde der på Søndre Skarprud ein mann som heitte Steinar.

Ein dag i slåttonni, det var endå so fælende fint høyvêr reiste Steinar upp i Kleivdal og vilde henta hesten heim, for han skulde køyra inn noko turrhøy. På den tid var det godt beite både for hestar og kyr i Kleivdal, der var nok ikkje so mykje skog då som no. Då han kom upp på Kleivdal-skotet, såg han hesten gjekk og åt burti haddi eit lite stykke frå der han var. Og med same fekk han sjå ein liten gråkledd mann med raud toppluve på hovudet, som gjekk burt til hesten.

Gråtassen hadde ein hamar i handi, og han tok upp den eine framfoten og banka på skoren, og so gjorde han etter kvart med dei andre skorne og. Då gråtassen var ferdig med alle fire skorne, leda Steinar på seg, og da kvarv gråtassen burt — nett som han hadde sokke ned i jordi. Med gråtassen gjekk og stelte med skorne, gjekk heten og åt like godt — plent som han ikkje gådde nokon ting. Etter den tid vart hesten av Steinar so smellande feit og fin at det ikkje var makan å sjå.

Steinar var so glad i hesten sin, at han hadde honom til han vart so gamal at han måtte slå honom ihel.

Olav Hommann og tussen.

For nokre år siden budde det på Uppigard-Hommann ein mann som heitte Olav. Her liver enno mange i Kviteseid som minnest denne mannen, og dei hev fortalt meg denne saga som eg her skal fortelja.

Ein gong kom det ein gamal gråskjegga mann til Olav på Hommann. Den vesle som var gråklædd, hadde endå ei svart hot på bakenden. Mannen sa: «Eg skulde beda deg til brudlaups, og du lyt endeleg koma».

«Kvar er det då?» spurde Olav «Til neste granne», svara mannen. «Og brudlaupet skal vera um fredagen», la han til. «Du lyt ha takk for bodi», svara Olav, endå han no tok til å skyna at det var ein tusse han tala med. Det var heller ikkje lenge fyrr han fekk vissa for det.

Då dagen kom, kunde ikkje Olav få brudlaupet ut or tankane. Og som det leid fram på dagen, hørde han felelåt og ljom av dumbjøllor burt under Striplefjellet, som ligg eit stykke sunnan for plassen.

«Denne soga er sann frå ende til annan», sa Olav.

Tussane på Eiketid.

Eit godt stykke austuro Bystigen*) ligg ein støl som: heitter Fjæslid. For lenge sidan var denne stølen ein stor gard og heitte då Eikelid. På Fjæslid segjest det at det hev halde seg so mykje tussar, og det er ikkje mange åri sidan folk hørde og såg deim.

For umlag 40**) år sidan var der ei stølsgjente som ein dag stod og koka prim, og med ho stod der, koka primet yver, og då hørde ho det lo so godt nedpå stølsvangen — og der fekk ho sjå ein liten gråklædd kar.

For umlag 20**) år sidan, var der på Fjæslid ei stølsgjente som hadde ei liti syster med seg. Ein dag sende ho veslegjenta etter noko kaffivatn. Komen til bekken hørde ho det ropa: «Fann du'n?» Bekken var det vel meint.

Same sumaren, men noko seinare, hende det ogso noko rart på Fjæslid.

Gjenta hadde med seg ein hjuringgut som heitte Olav. Ein dag dei var ute båe tvo på stølen, men eit godt stykke frå einannan, hørde dei det ropa: «Olav!» Guten, som trudde det var gjenta som ropa, gjekk til henne og spurde kva han skulde. Ho svara: «Eg ropa ikkje på deg, men eg hørde det vart ropa»:

På Fjæslid hev stade ei gran som vart kalla «Tussegrani». For nokre år sidan datt ho i koll, men ligg der enno.

*) *Sjå «Ormen i Kvitaedfjordenr, (Dei gamle Kvitseidrøvarane» og (Barnegråt».*

**) *Dette er skrive for nokre og tjuge år sidan.*

Tussen i Dalsfjøset.

No er det umlag 60 år sidan det hende som eg her skal fortelja. Det var på Dale, uppi ei av Telemarksbygdene, og eg hev sjølv tala med den tenestegjenta som her vert nemnt. Ho fortalde heile hendingi på ein sovoren måte at eg er viss på at ho ikkje laug. Frå fleir andre, som hev høyrnt soga av den and-

re gjenta, dotteri på Dale, hev eg høyrnt ho likeeins, men eg tykte aldri få tru det, fyrr eg sjølv hadde tala med ein av dei som sjølv hadde sett det med egne augo.

Soga lyder slik:

Det var noko fyre jol, liten snø var det, og klårt og kaldt hadde det vore i lengre tid. På Dale var det, som i mange bygder i Telemarki på den tid, slik at tenestegjenta, og der det var ei eller eit par av døtterne på garden, låg på fjøshjellen*) um vintrane. Gardajenta, som eg her kallar Anne og tenestegjenta Helga, låg på fjøshjellen.

Ei måndagsnatt vakna båe tvo ved det at ein kar sette seg på føtene deira uppi sengi. Dei kvakk litt med det same, men so tenkte dei at det var ein nat-telaupar, og dermed slo dei seg til ro: Gjentone rispa i fyrstikkor, men då vart framandkaren vond og sløkte stikkone med same. Likevel fekk dei sjå han. Han var liten av vokster og noko bleiklita, og hendene mjuke og kvite, som um han aldri hadde teke i tungarbeid. Han var gråklædd og hadde sylvknappar i trøya og vesten. Gjentone fekk han ikkje til å tala, og når dei vart altfor nærsøkne, tok han dei med makt og la dei attende i sengi. Frampå natti somna gjentone, og då dei vakna inn morgonen, var framandkaren burte.

Næste kveld stengde dei døri so godt dei kunde, og dei såg vel etter at ingen hadde kome inn i fjøset fyre dei og løynt seg der. Frampå natti vakna dei, og då sat guten der som natti fyrr. Anne sa at ho vilde hente ei flaske brennevin som ho hadde i loftet, men det fekk ho ikkje lov til, for han skyna nok at ho vilde henta folk. Helga kunde få lov å reisa, men Anne våga seg ikkje til å vera åleine med honom, difor vart det ikkje noko av det heller.

Det gjekk likeeins til og med laurdagsnatti. Um laurdagskvelden, då gjentone la seg, hadde det kome ikkje so lite nysnø, og snøga gjorde det då òg, men fram på natti klårna det upp.

Guten kom den natti og, og det gjekk som dei fyrre nettene. Um morgonen trudde gjentone at dei kunde sjå fet etter honom i snøen, — men nei. Dørstengsla var um morgonen som um kvelden — og ikkje eit fet i snøen difor vart dei for ålvor redde. Sundagskvelden vilde Anne endeleg få bror sin til å vera med i fjøset, men det vilde han på ingen måte, då han trudde det var ein av grannegutane som vilde fri til syster hans.

Gjentone laut ogso den kvelden leggja seg åleine — endå so naudige dei var til det. Då dei la seg, sa Anne: «Ja, Gud gjev at ikkje denne stygge karen kjem att til natti». So la dei seg til å sova. Utpå natti vakna Helga, og då ho såg dei var åleine, vekte ho Anne og sa: «Å, Gud skje lov, so er me då åleine i natt». So kom dei til å sjå ut gjenom eit lite glas som var tett innmed sengi, og då fekk dei sjå i måneskinet at framandkaren gjekk på, ei stor trehjul, som

stod millom fjøset og loda, og hørde med til treskeverket. Dei kvakk med det same, men so med eitt vart han burte, og dei såg hån aldri seinare.

Um Anne er å fortelja:

Ho vart nokre år seinare gift med ein rik og fin gut, men av fleire grunnar kom ho som kone til å liva usæl alle sine dagar. Helga liver enno, men ugift. Og etter som ho sa til meg, so er ho reide, kva tid det skal vera, til å eidfesta det eg her hev fortalt.

Nokre år etter det som fyrr er fortalt, skulde Anne Dale hava brudlaup. Det var ein solvarm sumardag. Mannen på grannegarden var åleine heime, og medan han låg utpå vollen og kvilde, fekk han sjå ei drusteleg ferd koma frå Dale, og ferdi fôr so nære at han kjende både folk og hestar. Men ein times tid etterpå kom ein av hestane attende, og med den Anne. Han hørde tydeleg ho song:

«Kvi skal eg trega, når eg hev fenge han eg hev lengta og trått so lenge?

Kvi skal eg trega når eg hev fått han eg hev lengta og lenge trått?»

Nokre vikor etter gifte Anne seg, men tvo år seinare laut ho flytja heimatt til far sin.

**) Sjå stykke ,«På friarfot.»*

Brudedøri.

Det finst mange sogor um trollkunnige kvinnor og menn, men det er visst få av dei som med runor er rita i stein og fjell, men segni som knytar seg til Brudedøri; kann me enno sjå merke etter.

Eit stykke utanfor Seljordsvatnet ligg Brekkegrendi. På ein av gardane der var det brudlaup. Og då det ingen eimbåt var på Seljordsvatnet, so laut dei ro til og frå kyrkja. Alt gjekk godt og vel på uppturen og ut att au til dei kom ende ovanum Ulvsneset, på austsida av vatnet, då kom det slikt hardver at dei drukna alle saman.

Heime i brudlapgarden var det eit kvende som skulde laga mat til folki kom att, men då ho tykte dei kom for tidleg attende, — ho hadde ikkje maten ferdig — vart ho so eitrande sinna, og då ho var trollkunnig, galdra ho dette uveret på dei — for å seinka dei noko — men det vart nok altfor hardt.

I bergveggen ovanfor der dei gjekk under, vart innhogne nokre runebokstavar, og der dei stod vart heitande Brudedøri. For nokre år sidan vart desse bokstavane tilsulka og mest uthogne, so dei hev vorte uleselege. Men for ei tid sidan måla tvo menn nokre bokstavar der, so ein enno kann få sjå Brudedøri ved Seljordsvatnet.

Ormen i Kvitseidfjorden*)

På solsida av Kvitseidfjorden, millom Tjovik og den vesle atlagde plassen Holland, ligg Ormfarberget, og litt lenger uppe ved fjorden — på vestsida — Seglberget.

I Ormfarberget — eit stykke ovanfor vatsflata — er ei hol reitt nett som ein kjempestor orm hadde runne der på ei tid fjellet hadde vore noko blautvore. Og segni fortel at der for mange hundrad år sidan låg ein orm millom dei tvo nemnde bergi, og endå der er fleire hundrad meter frå den eine sida til hi, so nådde han frå berg til berg.

Stundom fekk ormen hug til å sola seg, og då rann han upp i Ormfarberget — og etter dei mange gonger han rann fram og attende på fjellet, kom den hola reiti som ovanfor er nemnt. Det var uråd å ro framum Ormfarberget og ut Fjågestraumen, då ormen vilde taka alle som får der; difor laut dei ro i land ved Tjovik og gå der i frå til Straumstaul som ligg noko lenger nede ved straumen. Og sume fôr landvegen frå Sundet, um Holteviki, Brakandalen og til Kilen. Der er sume stader vegsynt enno, og ei bratt lid ut um Brakandalen heiter den dag idag Bystigen, og der kann ein av og til sjå steinhellor som er lagde til rette som tropp.

Det er lett å skyna at ormen i Kvitseidfjorden var mange til meins både bygdefolk og andre, som laut ferdast upp og ut, for det var alt då stor handel med tilreisande handelskarar; sume av dei kom heilt frå Holland. (Sjå næste forteljning).

Det var ofte rådleggjing um korleis dei skulde få livet av ormen, men ingen var huga på ein kamp med det store ubeistet. Men då Kvitseidfolket fekk høyra det eine etter det andre av det som munken gjorde -- og det var helst sovore som ingen andre greidde — so var det ikkje rart dei kom til å tenkje: — Han og ingen annan kann, ved Guds hjelp, tyna ormen, eller få honom burt frå fjorden. Difor var det nokre som gjekk til munken og bad um hjelp.

Munken (presten) tillyste ein bededag, og då skulde bygdefolket møtast med honom i kyrkja for der å beda Gud um hjelp. Og då dagen kom, var det rett mange som reiste til kyrkja.

Tvo mann hadde reist ut til Ormfarberget for å sjå korleis det vilde ganga. Og då munken hadde lese og bede ei stund saman med dei andre, fekk dei tvo sjå eit ovstort dyr koma, symjande ut fjorden. Det likna både på hest og ku. Det stemde beint mot ormen som gjorde seg ferdig til kamp; men dyret, som hadde høvar store som trugar, spente ormen av midt på, og snart vart fjorden raud av blod.

Sidan hev ingen set noko til ormen i Kvitseidfjorden.

Ja, og so er det mykje meir truleg at Kvitseidfolket vende seg til munken

med bøn um hjelp — allvist til ein sovoren, som etter den segjande segni skulde kunna hjelpa alle som kom til honom. Ei herming frå dei dagar lyder slik: «Å koma til munken i Kvitseid er som å koma i Paradis». Og eit stykke av Kvitseid gard heiter enno Paradis. Eg finn og medhald ved å samanlikne denne segni, med «Helgenotra», den ovfine segni frå Heddal.

**) Denne segni hev Knut Loupedalen i boki si: «Eventyr og segner frå Telemark». Men eg hev høyrte ho noko onnorleis, og dertil knyter ho seg nær til ei onnor segn: «Munken i Paradis». Og denne munken var trulegvis ein av dei fyrste prestane i Kvitseid, og di-for fortel eg segni slik som eg hev høyrte ho.*

Tone Nuten, som hev fortalt segni til K. L., hev — etter mi Meinung — gløymt burt noko, og so hev ho sett segni saman slik som ho tykte det høvde. Truleg hadde ho høyrte gjete Spå-Eilev frå Sauherad. Den vise gjenta frå Tudal og Den vise fenta frå Kongsberg — og so laga ho ein ny sagnfigur: «Den vise fenta frå Sauherad.» I fleire år hev eg freista å få vita meir um denne «fenta», og eg hev spurt mange - både sauheringar og andre - men ho var framand for dei alle.

Frå kvardagslivet.

Plassen Holland.

På austsida av Fjågesund-straumen, på ytre kanten av Ormfårberget — ligg den vesle atlagde plassen Holland på ei liti slett millom straumen og berget. Segni fortel at der for fleire hundrad år sidan kom nokre handelskarar frå Holland som rudde og hyste der, og gav plassen namn etter heimlandet sitt — truleg fordi at landslaget er flatt — og straumen minna dei um kanalane i Holland.

Dårelaupi i Kvitseid.

Tett utum Holland i Kvitseid, og på same sida av straumen, ser ein det tverrbratte berget «Dårelaupi». Frå foten til toppen av berget er umlag 80 meter, og tvert yver bergveggen, nokre meter nedum toppen, gjeng, ei skår som ser heilt ufarbar ut for folk — allvisst på ein plass, og difor var det vel og, at etter det segni fortel ein fredlaus brotsmann vart tilsagt å vera fri um han kunde fara gjennom skåri tri gonger etter kvarandre. Og han greidde verkeleg tvo, men tredje gongen datt han utyver og slo seg i hel — og i fallet ropa han: «Farvel, verden!

Alf Bruse.

På vestsida av Kvitseidfjorden — litt ovanfor Seglberget*) — ligg Liapllassane. Ei tid fyrr der vart rudt og bygt, heldt der seg ein brotsmann, som var fredlaus. Han hadde laga seg ein bustad millom nokre store steinar som stod inntil kvarandre uppe, men lenger nede var der eit godt rom, som han sjølv-sagt stelte på so godt det let seg gjera.

Alf Bruse var både tjov og dråpsmann, og det var mange som vilde få tak i han — allvisst då han vilde — og laut — halda på å stela.

Ein vinter traud vatnet for han, og han laut difor heilt ned på fjorden og hogga hol på isen. Men no fælte han for at einkvar kom til å finna faret etter han, og difor våga han seg ikkje til å verta i hola si, som etter honom hev vorte kalla Brusehola; men han la att huva der han hadde hogge hol i isen for å få folk til å tru at han hadde drukna der.

Det hadde kome snø, so folk vel kunde sjå der han hadde fare um dei kom på dei kantar. For å narra dei, gjekk han utyver til Fjågesund — for tett innmed Seglberget — og so gjekk han baklenges attende til Seglberget, og gjekk i dei same feti som utetter, for at ingen skulde skyna, at han hadde gjenge attende. Og folk let seg narre. Uppe i Seglberget er ei nokso stor hola som Alf hadde funne fyrr, og no vilde han taka den til bustad; men han laut halda det so løynt som råd var.

Hola ligg slik til det, at dei som skal til eller frå, lyt på vatnet, difor laut han laga seg ein lett og høveleg pråm, som han kunde taka med seg uppi hola, og segni segjer at han gjorde seg ein ledapråm — ein som han kun de leggja saman.

Sistpå flutte Alf frå hola i Seglberget og laga seg ein bustad uppe i Storvikliene, og den staden heiter enno Bruslid.

Korleis han enda sine dagar hev eg ikkje høyr.

*) *Sjå segni um «Ormen i Kvitseid-fjorden».*

Kampen på Nesbergi. *)

Det er svært lenge sidan dette hende som her vert fortalt, men det var då etter den gamle Kvitseidkyrkja vart bygd.

Brakandalen var då den største garden i Kvitseid. Millom dei mange plasane som høyrde til garden var Neset. Seinare hev det vorte umsnutt. Neset hev vorte hovudbølet, og Brakandalen berre ei utslåtte.

Det var ein joledag. Brakandalmannen skulde til kyrkje, og so fôr han framum husmannen sin på Neset. Både gardmannen og husmannen var kjempekarar, og fyrr dei reiste til kyrkja, hadde dei drukke dugeleg av det sterke ølet, difor kjende dei seg både sterke og modige, og bae trudde um seg sjølv at han var beste karen. Det var difor ikkje noko rart i at dei vilde få den sak avgjort.

Eit stykke sør um Nesjordet på dei slette bergi der den gamle vegen gjekk yver Nesåsen, tok kampen til, som sistpå enda med at Brakandalmannen låg att død på plassen.

Den dag i dag kann ein sjå mange større og mindre flekkjer og det vert fortalt, at det er blod som minner um den skremelege joleleiken.

*) *Fortalt av Anne Kalsrud.*

Frå skrubbetidi. **)

Gamle Per Strømstad og kona hans, Barbro, kom ein dag roande frå Spjotsodd og upp gjennom straumen. Då dei kom upp på Snjohyl, såg dei noko burt på vatnet — noko som det båra ikring.

Per var ein stor og sterk kar — og han var ikkje av dei som var redd av seg. «Ro burtåt, Barbro!» sa Per. Ho rodde av all makt. «Du lyt taka i, Barbro!» skreik han. «Eg tek i», svara ho — og rodde so ho mest lyfte pråmen.

Komen noko nærare, såg dei at det var ein skrubbe. Dei hala innpå honom allfort, og um eit bil var dei tett innmed. «Kom med åri!» ropa Per. Barbro gav honom åri — og so tok leiken til. Per slo, men skrubben varde seg ved å dukka under vatnet for kvart slaget. Men so fær Per tak i den eine bakfoten og lyfter han upp so hovudet er under vatnet. «Eg skal drukna styggen, eg», sa Per. Og då det leid av ei stund, leda det ikkje i udyret. So drog dei skrubben upp i pråmen og rodde heim.

Komme heim i stova, la dei skrubben på golvet. Og Barbro skulde til å koka kaffi, so dei kunde få seg ein «tår» til styrkje seg på etter strevet. Men so tok skrubben til å leda på seg. Per skunda seg og fekk tak i ei taug og batt honom med framfotene upp i taket, der hekk skrubben og sparka til Per fekk tak i ei øks, — og so slo han honom i hel. Men då kan du tru at kaffien smaka godt etter på.

**) *Fortalt av Tone Haugen.*

Olav Grå*).

For lenge sidan budde deri på garden Gråsvoll i Fjågesund ein mann som heitte Olav Grå. Og etter honom hev garden fenge namn. Olav skulde vera ein utifrå dugande handverkar; han var flink både som grovsmed og sylvsmed.

Etter det som segni fortel skulde han hava ei sylvgruve i Fisbudalen i Kilen, og ei onnor ved ein rennande bekk i Gråsvoll-liene. Men ingen fekk vita um staden.

Når han var i smidja, som stod på Gråsvollberget, like ved Flåvatn, hadde han alltid ei stong med jarn og ei med sylv. Kom der framanfolk til honom i smidja, so smidde han på jarnstongi; men elles arbeidde han mange ting av sylv; det var det nok ikkje mange som fekk sjå, for på den tid åtte staten all sylvmalmen, og difor var Olav so redd for at nokon skulde få vita kor han hadde fenge sylvet frå.

Eingong rodde ein engelsmann**) oppyver Flåvatn; og for langsmed

Gråsvoll-landet og då han hørde hamarslagi, sa han: «Den karen arbeider, nok ikkje noko av jarn, men sylv».

Rett ned for garden Kosi — nokre hundrad meter utum Gråsvoll — er eit fjell som stikk ut i Flåvatn, og det heiter Sylvkannberget, og det vert fortalt, at Olav Grå der grov ned ei sylvkanne under ei fururot, som såg ut som ei sveiveskore. Men kannu hev ingen funne.

**) Var truleg ætta frå dei landskjende Jynge- og Gråfantane:*

****) Andre fortel det var ein embetsmann, og det er mest truleg.*

Kviteseidrøvarane.

For mange mannsaldrar sidan budde det på Hurrung ein røvar; ein anna av same slag budde uppe i Brunkeberg. Desse tvo røvarane hadde lenge drive med samarbeid. Når ein av dei fekk vita at dei kunde gjera eit kup, skulde den andre setja upp ei lang stong med eit kvitt plagg på.

So var det ein gong at han som budde i Brunkeberg hadde fenge visst at nokre setisdølar var ventande og skulde til Skien. Han sette upp stongi med det kvite plagget på, og dette såg Hurrung-mannen og møtte der dei skulde møtast i slike høve.

Dei tvo røvarane reiste utyver til Bystigen*), der dei trudde sæbyggjane laut koma. Og ikkje var det turvande å venta lenge. Sæbyggjane kom, og der vart eit fælt basketak; men det ende med det at røvarane vart liggjande att på plassen.

Sætesdølane reiste vidare til Skien.

Då dei kom uppatt frå byen og til Kvitseid og fortalde det dei hadde gjort, vart folki der glade og takka dei for velgjort arbeid — ved å tyna desse ubeis-ti.

**) Sjå segni um «Ormen i Kvitseidfjorden».*

Moro.

Det er ikkje rett lenge sidan at ungdomsmoroi var heilt onnorleis enn no. Og noko av det som hev verka til ein umsnunad, er dei mange ungdomshusi som hev vorte bygde rundt um i bygdene.

Dans var det mykje mindre av fyrr, då det ikkje alltid var so liketil å få hus. Dansane, som desse samkomone vart kalla, vart gjerne haldne på um-gong i nokre få hus i dei grendene som låg næraste kvarandre. Nokre ungdom-mar — stundom gjentor og stundom gutar — ja, det kunde også vera bae sla-gi — vart samde um å laga til ein dans. Dei laut då fyrst få lov på hus, og

oftast laut dei ty til ein husmannsplass, endå stovone helst var små hjå plass-mennene. Etter at dei hadde fenge hus, stod det då att å tinga spelemann, kau-pa kaffi og sukker, og so å beda dei som skulde vera meda Det var ofte at mø-telyden fekk tvo gonger kaffi um natti — og spelemannen endå fleire. Det var ikkje sjeldan dei heldt på å dansa like til morgonen.

Det var helst springarar og gangarar som vart spela og dansa. Dei flinkas-te dansa av og til «einsmaldans», dei kalla, det var gut og gjente som dansa tvo eine ein springdans. So vart det dansa gangarar - stundom som «steppedans» — då gutane, nett som i springdansen, skifte gjentor. Stundom vart dei kvikkaste gangarar dansa som halling, då ein og stundom fleire av dei sprettnaste gutane dansa utan gjente, og gjorde det eine kastet kipnare enn det andre. Seinare fram i tidi — for utulag 50 år sidan, tok dei til med reinlender, polka, vals og masurka.

Det var vanleg å ha med brennevin til ei dansemoro — helst i høgtidshel-gane. Jamvel gjentor hadde med brennevin og stundom fekk dei ikkje høve til å gøyme att flasku ute, men gjekk med henne i stakkslumma, so ein i dansen kunde kjenna «lummelerka» slo ein på knei.

So var det andre samkomor som vart kala «leikar». På dei var det helst nokre få gjentor og gutar. Der hadde dei ikkje spele-mann; men dei bruka å syngja ymse slag songleikor. Til dei vart det dansa «bydansar», dei kalla. Desse leikesamkomane gjorde mykje til å tyna den gode gamle nasjonaldansen.

For 60-70 år sidan og lenger attende — var det mykje i bruk, både i jole-lag og i vanlege dansar, å lata spelemann og dansarar kvila seg, når dei hadde dansa i nokre timar. Med dei kvilde, stevjast dei eller kvad visor, etter som det fall seg. Då var det oftast mest moro.

I dansane, i brudlaup og andre lag var det vanleg å «leggja i fela» — beta-la spelemannen — ved å gjeva honom nokre småpengar etter som dei dansan-de hadde råd til. Det var helst mannfolki som la i fela; men stundom gjorde kvinnfolki det òg.

I sumarhalvåret, når det var heilag — kom ungdomen ofte saman ute. Um dagen var det helst gutane og borni som dreiv på med ymse slag moro. Frå det fyrste var det vanleg moro um våren for smågutar og smågjentor å «gjeppe pinne,» «pikka på ringen», «siste enkjeapar ut», «leika brent», «spila stein» og «slå ball». Då var dei største smågutane saman med dei vaksne, som heldt på med denne leiken — slå ball — langt fram yver våren.

Av og til tevla både dei små og store gutane i lengdehopp, høgde hopp, lengdesprang, spenna både rett fram og i rundkast, og so tok dei ryggjetak.

Um kveldane og nettene kom den vaksne ungdomen saman på ein høve-

leg stad og danse, for um sumaren var det sjeldan dansemoro i husi.

I heimane var det meir moro fyrr enn no. Allvisst song dei meir då — både kristelege son-gar og andre meir verdslege. Visor um elskhug, brotsverk, ulukkor og um ymse andre ting kunde dei fleste ei heil mengd av. Og stev! Sume kunde so mange av dei at dei so å segja var tallause. Sume kunde og laga stev med det same dei song.

Attåt å syngja var det vanleg moro å fortelje eventyr, segner og sogor, gjeta gåtor, «selja strige», «sippe sole» og «gifte i oska». Denne giftingi gjorde dei på tvo måtar. Den eine måten var slik: Med eldskora grov dei hit på gruva noko oske, dakka so til ei fin flate, og på denne vart det sett tri strik — og kvart av dei fekk eit mannsnamn, ugift — um det var ei kvinne som skulde «giftast» og tri kvinnenamn — ugifte — um det var ein kar. So spurde han som stod for «giftingi»: «Kven vil du gifta deg med? Kven vil du liggja med? (Sume sa «leika» i staden for «liggja»). Og kven vil du kaste ut for reven? Når so dei tri hadde vorte kåra kvar til sitt bruk, fyrst då fekk den giftelystne vita namn. Då vart det ofte stor moro, for namn var valde etter «beste skyn». Det synte seg ofte at dei som hadde valet, tok skalet — altso: gifte seg med den kleinaste og kaste den beste for reven, og valde til leik den som minst høvde til det.

Den andre måten var slik: Ein gut og ei gjente vart nemnde — gjerne tvo som var trulova, eller var mykje saman, og som hadde «eit godt auga til einannan.» So tok ein t. d. tvo fyrstikkor, sette eit kol i eine enden på kvar av dei og stakk dei andre endane i oska og dakka so godt ikring so dei stod stødt. So vart namnet sagt på dei tvo som skulde «gifta» seg. Det vart då kveikt eld på stikkone upp under koli og snart tok koli til å svinga på seg. Datt dei mot einannan, «vilde dei baa» — og «vart gifte.» Gjekk det so at det eine kolet — eller baa tvo — datt til sida — utetter eller attetter — vart det ingi «gifting» av. Det var ofte at den andre måten å «gifte» på vart bruka etter på, dersom nokon tok til motmæle mot den fyrste. Mot denne avgjerdi kunde — eller rettare sagt burde — ingen koma med motmæle, for det vilde vera å strida mot «lage» (lagnaden).

Drikke Eldbjørgminne (Eldbjørgdagen 7. januar — 14. dag jol) ser det ut til å vera heilt slutt med no. Sjeldan høyrer ein no tale um «sopedreng», «kalemann» og «sponemann». Dette var slik: Når det millom joledagen og tjugendedagen kom mannfolk til gards, og som ikkje fyrr hadde vore der i nemnde tid, so vart dei gjerne kanna (tileigna) eit av kvendi i huset; men det laut sjølvsagt berre vera av dei som hadde sopa, kala eller spunne. Var det ei som hadde gjort alle dei nemnde arbeid, so kunde ho tileigna seg tri manns-personar. Det skulde vere so gildt å få til «kalemann» og «sponemann» slike

som hadde mykje hår og skjegg.

Å gange jolebukk (millom joledagen og tjugendagen) vert mykje bruka enno. Jolebukkane kledde seg ut og gjorde seg so ukjennelege som råd var, og so gjekk; dei — helst fleire i fylgje — frå heim til heim, tok til med det same det vart myrkt um kvelden og heldt på til folk la seg. Mange stader fekk dei både mat og drykk helst det siste.

«Moka» er og mykje i bruk enno. Det vert helst gjort millom joledag og tjugendag. Då fer mange reint uvyrde fram. Det var endå ein flokk som flutte eit stabbur, — ein annan flokk tok ein «W. C.» og velta ut yver ein bratt bakke. På ein gard var det ein av jolekveldane berre kvinnfolki heime. Det hadde nokre gitar, som vilde ut og moka, fenge visst. So la dei denne slagplanen: Ein av dei skulde inn til dei og fortelja um skrymt for å gjera dei redde. Dei som var att ute skulde når det leid på ei stund, bera ein daud kalv, som dei hadde funne attum fjøset, upp på stovetaket og sleppa han ned gjennom pipa. Kvendi trudde sjølvsagt at det var «hinmannen» eller i allefall ein «utsending» frå honom.

Sume stader stengde dei stovedøri, og glasi var det vanleg å stengja so dei som var inne laut ofte halda seg i ro til dess det kom framande og slepte dei ut. Stundom slepte dei ut buskapen.

Ymse skikkar, lag og dermed nærskyld.

På friarfot.

Fyrr i tidi var folk gjerne meir bljuge av seg enn dei er no, allvisst synte det seg slik når ein gut skulde av og fri. Um sumaren låg gjerne dei gifteferdige gjentone i loftet, i bursvali eller i eit anna uthus. Um vinteren låg dei mest på fjøshjellen, eller fjøslemen, som det og vart kalla. Denne hjellen var innlengst i fjøset og vart ofte laga med same fjøset vart bygt. Hjellen var laga av skanta (telja) stokkstubbar, lagde side inn side frå den eine langveggen til den andre. På sume av desse hjellane kunde det vera rom til fleire sengjer side um side. Fjøshjellen vart soleis sengjeplass um vintrane og folk tykte visst det høvde godt til det bruk.

Dei gutane, som vitja desse «uteliggjarane», vart kalla «utefljugarar». Ofte var det fleire saman, og dei fôr helst for å halde leven og dermed få moro. Men var det ein som verkeleg vilde fri — han vart ofte, kalla «bele» fôr han so løyndeg som råd. Han hadde oftast med seg ein «belegut». Han skulde få ut gjenta og stundom hjelpa til med å få røda på glid. Beleguten var helst ein ungar, men det kunde og vera ein mann, og då sa folk at det hadde meir på seg, var meir ålvor med friingi. Men helst var det vel for at ikkje beleguten skulde tala med belen um gjenta, for det hende og stundom. Um det no vart avgjort millom tvo at dei skulde gifta seg, so freist dei å halda det løynt til straks fyre brudlaupet.

Trulovingsring var ikkje i bruk i dei tider, men guten gav gjenta si gåvor — helst syljor, malir eller annan sylvstas — stundom ogso silkeplagg.

Å beda til lag.

Når dei skulde tura brudlaup ein stad — anten det var hjå fatige eller rike — so laut gjestene verta bedne på ein vyrdskeleg måte.

Nokre dagar fyre brudlaupsdagen vart det sendt ut ein «bedar» dei kalla. Han måtte reisa i dei finaste kledi sine. Når han kom fram til ein stad og skulde beda — um det so var hjå grannen — so måtte han nevehelse på alle, både små og store. So vart han boden å sitja.

Frå det fyrste var han; fāmælt og såg ut som han var bljug — tala so litt um vind og vêt til dess han hadde fenge noko av det folki hadde å bjoda på. Hadde dei øl og brennevin, gjekk det fyre alt.

So laut han då fram med målemnet sitt. Det var ofte med eit slikt ordelag: «Eg skulde beda Dykk både små og store, til brudlaupet på N. N. Brud og brudgom ynskjer det so gjerne». i So vart det takka mykje for bodi, og når han no hadde fenge rikeleg av mat og drykk, fôr han vidare. Når bedemannen kom heim etter fullført arbeid, var han ofte so full at han snaudt kunde ganga. Til bedar vart det helst teken ein som hadde lett for å tala for seg.

Brudlaupet.

Når gjestene kom til gards vart dei mottekne på tunet av spelemannen og kjø-kemeisteren. Den siste ynskte dei velkomne til brudlaupet og skjenkte dei «velkomstdrammen». So spela spelemannen «brudeslåten» og gjekk fyre inn; dei andre etter. Kjø-kemeisteren baud gjestene setja seg og spelemannen dreiv på å spela til alle hadde sett seg. So vart dei bodne øl og dram, medan ei gjente gjekk etter og baud «brudlaupskakor» og andre småkakor. Brud og brudgom fekk ingen av dei sjå endå. Dei heldt seg helst i loftet eller ein annan stad til alle gjestene var komne og skulde til bords. Alt det beste som var i huset av mat og drikke vart bore på bordet. So spela spelemannen «brudemarsjen» og kjø-kemeisteren bad folki setja seg til bords. Brud og brudgom, som no hadde kome inn, gjekk arm i arm til bordet og sette seg i høgsetet. Båe tvo var framifrå uppstasa. Brudi hadde skautrull, syljor og annan sylvstas. Brudgomen hadde knebuksor med sylvspenne på knei og på skorne. Slik brudestas gjekk i lån til fattigfolk — og mange andre og som ikkje hadde noko slikt; for den dagen skulde det i so måte vera likt for alle.

På høgre sida av brudgomen sat brudi og på venstre side brudesveinen (ein ungar). Ved sida av brudi sat tvo brudekonor og ved sida av dei ein eller tvo hjåsettmennar, som dei vart kalla. Tvo slike sat ved sida av brudgomen og. Dei andre gjestene fekk plass so nokorlunde etter skyldskap og rang.

So vart «brudeskåli» drukke med spelemannen spela. Etterpå åt og drakk gjestene alt det dei hadde hug til. Maten var: Turrmat: kake, flattbraud (kling og tunnbraud) smør, gomme, (Søt mjølk, som vart koka, so ho vart tjukk som lineprim) gamalost, søstost, søtprim, rakefisk (um vinteren), og stundom spikekjøtt og spikeflesk. No var det nok ikkje alltid dei hadde so mykje og so mange slag suvl på bordet med ein gang, men oftast var det, rett mange. Drikkevara til maten var helst ølost og lenger fram i tidi vart det kaffi — sume stader båe slagi.

Samrøda gjekk jamnast riktig godt — takka vere det sterke ølet og drammane. Brennevinsglasi vart ofte fyllte og ølbollen fôr tett etter.

Straks etter dei hadde ete, laut dei sjå å koma seg avstad til kyrkja.

Anten det var vinter eller sumar var det ovgildt å ha mange hestar i brudeferdi, når der var køyrande veg. På fremste køyredoningen sat spelemannen, og han spela mykje både til og frå kyrkja — jamvel ved sjølve kyrkjeporten. Til alle store brudlaupslag var dei mykje vandne um spelemannen — berre den beste var god nok. Dei hadde ofte med seg både mat og drikke, når dei reiste til kyrkja, sjølv um det var berre ei halv mils veg. I alle tilfelle hadde dei med øl og brennevin. Det hadde dei og med når ein gut skulde henta heim gjenta si, dersom det var eit stykke å reisa. Dei kvilde og åt på vegen. Høye Steinarson Skeie i Flatdal fekk ei gjente frå Morgedal. Til den heimflutningi hadde Skeiefolki bryggja ei tunne malt. Ølet, brennevinet og maten hadde dei standande på Midtbøen i Seljord — der beleferdi skulde kvila, når dei kom att frå Morgedal.

Når folki so kom heim att frå kyrkja, stod maten ferdig. Det var middagsmat — gjerne fleire rettar. I sume brudlaupslag var ofte ein av rettane rjomegraut. Når grauten skulde berast inn i stova, laut spelemannen ganga fyre og, «spela inn grauten», som det vart kalla. Til maten vart det bode både øl og dram. Det varde jamnast ikkje so lenge fyrr mange kjende seg rett i godlag — serleg dei som hadde teke godt til seg på kyrkjevegen.

Det var ei vanleg moro ved bordet å «akkordera». Brudgomen skulde lik som kaupa brudi. Det var hjåsetmennene av brudgomen saman med brude sveinen som på vegne av brudgomen skulde verte samde med hjåsetmennene av brudi um ein viss pris som brudgomen skulde ut med for å få henne. Mange kvasse ord vart sagde i slike høve. Stundom var det mange av gjestene som tok deil i ordskiftet, og då sume av dei kunde vere ordhoge, var slike ordskifte det gildaste i heile laget. Men stundom kunde sovorne ordskifte ver ta opphav til uvenskap og til slagsmål.

Brudlaupsgjestene kom med «sending» — oftast smør eller pengar.

Sume brudlaup vart kalla skålelag — kven som vilde kunde då koma til dei; men so laut dei leggja dugeleg mykje i skåli (reide pengar). Mange pengar kom inn i sovorne lag; men so kann du tru det gjekk mykje ut att til mat og drikke.

Høye Kjetilson Øverland i Seljord hadde fyrste brudlaupet sitt som skålelag. Han bryggja 12 tunnor til brudlaupet, og det varde i 8 dagar. Brudlaupet stod i eit av dei fyrste åri i 1800 talet.

Når dei store brudlaupsferdene var ventande til kyrkja, møtte der jamnast opp mykje folk. «Glosarar», vart dei kalla. Men so var der fælände myke fint å sjå då, veit du. Kvinnor og menn uppstasa so det lyste av dei. Hestane, seletyet og køyredoningsi var og verdte å sjå. Jamnast var det mykje drykk i laget som førde uvenskap med seg — og stundom enda det med slagsmål og dråp.

Barnsøl.

Straks eit barn var født, kom grannekonor og skyldfolk som budde i nærleiken, med «sending» rjomegraut, smørgraut og stundom berre smør. Var det til fatigfolk dei reiste med sending, so hadde dei med ymse matvaror og stundom klæde til born, der det var turvande.

Grauten vart boren i eit trespann, som var gjort berre til det bruk. Vart det bore smørsending, bruka dei ei sendingskorg som var gjort til sovore bruk. Både grautespanni og sendings-korgene var gjerne ovfine — ofte rosemåla eller brennemerkte, det var i allefall tilfelle med grautespanni. Både spanni og korgene vart mykje burtlånte til slike som ikkje hadde sjølve.

Det var helst dei fyrste 8-14 dagar etter barnefødsli at «sendingskjerringane» var ute og fôr, men sume av dei kunde venta i nokre vikor.

Det var vanleg tale, når ein framandkar kom inn på ein stad, der det hadde kome ein ny «verdensborgar,» at han laut «leggja på vogga» — gjeva ei pengegåva — um den vesle var ein gut, elles hadde vesleguten rett til å taka hovudplagget av framandkaren. Var den vesle ei gjenta, hadde den framande ingen plikt på seg — men han gav oftast likevel. Var det ei kvinne som kom var hennar skyldnad heilt umsnudd — slik at ho laut gjera mot veslegjenta som framandkaren gjorde mot vesleguten, og mot vesleguten laut ho gjera som framandkaren gjorde mot veslegjenta.

Borni vart gjerne døypt i ung alder — helst fyrr dei vart eit halvt år. Var dei sjuklege, vart dei helst døypt heime då som no. Den dagen dei var til kyrkja og døypte barnet, hadde dei gilde i heimen — stort eller lite — etter som rådi var. Mat og drykk var då umlag som til brudlaupi; men sølvsagt var der ikkje tillaga so mykje, då der ikkje var so mykje folk. Dei som var der, reiste gjerne att seint um kvelden — eller fram på natti. Var dei nærskyldte, eller hadde lang veg, var dei ofte til neste dag.

Til dåpsgildor som vart kalla barsøl (barnsøl) kunde kven som vilde koma, det vart ikkje bede; men dei laut koma med sending. Graut hovde ikkje då. Kvinnone kom helst med smør, — karane gav pengar. Var der fatigt i barnsølsheimen, vart det ofte gjeve matvaror av ymse slag — t. d. korn, mjøl, potetor, suvl — og ikkje sjeldan klædesvaror. I eit slikt barnsøl var det ofte spel og dans og turing — og stundom uvenskap og slåsting. Barnsøli no liknar meir på dei som var fyrr enn brudlaupi gjer det.

Likferd.

Tillagingi av mat og drikke var umlag det same som til eit brudlaup og barnsøl. Drykk vart det ikkje spart på då heller. Det var ikkje so sjeldan å sjå fulle folk i ei likferd. Av og til vart det uvenskap og slagsmål ogso der.

Det var vanleg å beda til likferds, og er det enno, dersom det ikkje i bladi er gjort kunnigt at det er fritt for kven som vil. Bedingi gjekk fyre seg umlag på same måten som til brudlaup — ordleidingi var sjølv sagt onnorleis. So laut bedemannen heile tidi vera ålvorleg — endå han, som oftast fekk både mat og drykk til å kveikja seg på.

Det hev heilt inntil nyleg vore skikk og bruk at likkistone skulde vera svarte — medan dei no skal vera kvite. Uppå lóket skulde liggja ei salmebok og standa eitt eller tvo ljós. Ljosi vart tendra fyrr det vart sunge og tala fyre avreisa til kyrkja. Slik er det ogso enno. Når ferdi skulde reisa frå likferdsgarden, vart det skjenkt både øl og dram til ære for den avlidne (den avlidnes skål.) Denne skáli vart stundom til yvermål for sume, då dei hadde fenge meir enn nok fyrr.

Etter at likferdi kom att frå kyrkja, fekk dei mat og drikke; (middagsmat) slik er det no òg. So var det berre dei som verkeleg syrgde som var sturne; dei andre hadde lagt att den tunglynde maska ved kyrkja. Det var ikkje sjeldan å høyra både lått og skjemtord. Likferdslagi heldt gjerne på til langt fram yver natti nett som barnsøli.

Dugnad*)

Dugnad var helst å rekna for eit utslag av gløgt arbeidsvit og hug til moro. Dei folk som laga dugnad var helst slike som skyna seg på å sameina det hugnadsame med det nyttuge. Um eit større arbeid skulde gjerast og helst um det skulde gjerast snøgt —

t. d. å skjera ein kornåker**) som det hasta med, grava upp potetone, tekkja eit hus, draga heim høyr or heidi — då vart det tillyst dugnad, og det var oftast meir enn nok av dei som møtte upp til arbeid, og det gjekk som ein leik.

Um kvelden, når dei hadde gjort arbeidet frå seg, fekk dei mat og drikke, og noko seinare på kvelden kom spelemannen og nokre andre som var innbedne, både eldre og yngre - trass i at dei ikkje hadde vore med i arbeidet um dagen. Dei heldt gjerne på heile natti, og det skifte med eting***), drikking og dans. Det gjekk mykje til både av øl og brennevin, for dei sputta no korkje i staup eller i skål i dei tider. Ja, og so gjekk det ikkje so radt lite til av mat heller, so det vart ikkje noko billeg moro um ein skal verdsetja det, som gjekk til, etter vår verdsetjing, men dei gådde vel ikkje so stort til det, for både

grjon og suvlvare hadde dei, øl bryggja dei - og brennevin brende dei, so dei slapp å ut med reide pengar.

Det var både rike og fatige som laga dugnad; difor var ogso traktementet etter det.

Det var ei æresak å vera med å gjera både mykje og godt arbeid, men so var det ogso ei æresak å gjeva mykje att for arbeidet — serleg av moro då.

*) *I Vest-Telemark sa dei helst dugnad, men lenger aust yver sa dei mest dugning. Odet dugnad er uvisst å vita kva kjem av; men det kann tenkjast at det kann kome av dugde, dugaleg eller liknande ord. Det vert sagt: «Det var dugeleg mykje.» Og det var dugaleg mykje arbeid desse dugnadsarbeidsfolki gjorde. Difor kunde det vel ogso vera rett å segja at dei var dugande (dugnad?)*

**) *Sjå segni frå Østenå.*

***) *Sume stader bruka dei berre drikkevare — ikkje mat, -- tillaget etterpå,*

Kast.

For umlag 60-70 år sidan — og lenger attende i tidi — skipa mange fatigfolk til samkomorsom vart kalla «kast.» Kva namnet kjem av er ikkje visst å vita; truleg kjem det av dei mange kvike kast som dei spræke gutane gjorde i dansen.

Ein mann som vanta mat og klæde til seg og huslyden, gjorde kjent, at han vilde hava kast på ein stad som han namngav. Ofte kunde han ikkje ha det heime, då husmannsstovone helst var små, so det var for lite rom til den store flokken som skulde svinga seg i dansen. Difor laut gjerne husbonden hans låna han hus. Til eit kast var det vanleg å ha berre drikkevare, ikkje mat; men øl og brennevin hadde dei gjerne mykje av. Du veit det var um å gjera å få folk i godlag, so dei vart fluse til å gjeva. Gåvone var store og små — etter som gjevarene hadde råd og hjartelag til. Det vart sjeldan gjeve pengar, men helst matvaror av ymse slag, og stundom ty til gonge-klæder. Einkvar raust gjevaren gav eit sengeplagg — alt avpassa etter trongen.

Det hende og av og til at godgjerande folk laga til kast for andre, som dei vilde hjelpe, um desse var so atterhaldne at dei ikkje fekk seg til å laga til kast sjølve.

Livemåte.

Livemåten skifter — allvisst noko — etter som rådi er; men det er og andre meir vidtfemnande grunnar, som t. d. påverknad frå andre kantar. So hev det vore fyrr, og so er det no.

Av kyrne fekk dei mjølk, som dei felde, d.v.s. let ho standa i tróg eller kollor til ho vart tjukk og rjomen vart liggjande oppå. Noko av denne mjølki vart bruka til grauten — til dugurds og kvelds. Dei bruka mjølk i staden for suppe til middag. Middagen vart kalla ondålen og vart eten so umlag kl. 3. Hadde dei meir mjølk enn dei trong til dette, so yste dei sjørøst (surost), som seinare vart til gamalost. Mysa vart helst gjeve til grisane um det var heime på garden då; men var det på stølen, skirde dei gjerne mysa og sika av det klåre ovanpå, men gruten, som vart attleggjande på botnen, vart blanda med saup (kinnemjølk) og koka til kabrette. Kabretta vart henta heim og blanda med vatn; denne blandingi vart bruka til maten i staden for mjølk. Den blanke mysa vart koka til «surprim». Primet bruka dei attåt smør og flatbraud.

Um sumaren vart smøret lagt i treholkar, og det dei ikkje trong, sjølve, vart selt til land-handlaren i bygdi. Stundom reiste dei til byen med smøret sitt — då fekk dei seg betre betala, og so fekk dei med heim att brennevin og ymse andre byvaror.

Av den søte geitemjølki yste dei helst søtost, medan mysa vart koka til prim. Både surosten, surprimet, søtosten og søtprimet bruka dei sumt sjølve framyver vinteren, og sumt vart selt.

Det var helst sauer som vart slakta um hausten; men på dei større gardsbruki, der hushaldet var stort, slakta dei og storfe. Grjonvara var — attåt potetor — byggkorn, som vart turka på badstova. Ei slik stova var det mest på kvar gard. Dette mjølet vart helst bruka til graut og flatbraud. Av flatbraud vart det gjerne baka so mykje av um gongen at dei hadde heile halvåret, — ja stundom året. Dei sa at gamalt braud var so mykje drjugare enn nytt. Hellekaker, slike som vart steikte på ei takke, var mykje loga av byggmjøl og potetor, som vart koka, skula og malne på ei potetkvern.

Matstellet hjå dei rike og fatige var nokso lik — skilnaden var helst at dei rike hadde so mykje meir mat — og fleire slag. Slik var det vel og med drikevara au. Matmåli var: åbiten, (turrmat) tidleg um morgonen, dugurden, kl. 10 fm. (graut og mjølk) ondålen, kl. 3 em. (middagsmat) og nettveren um kvelden (graut og mjølk.)

Fyrr var folk tidlegare uppe enn no både vinter og sumar — um sumaren kl. 3-4 og um vinteren kl. 5; men so la dei seg gjerne tidlegare enn folk flest gjer no. Ein kann visst trygt segja at folk livde meir helsesamt fyrr. Men for å halda seg heilt til sanningi lyt ein nok segja at dei var ikkje på langt nær so

reinslege som no. Som ei fylgd av det at dei var meir ureinslege, kann det godt hende at i ymse sjukdomar hev kome inn, som t. d., skurv og skabb.

Arbeid.

Arbeidet fyrr og no er meir likt enn livemåten; men skilnad er der no likevel, og denne skilnaden kjem ikkje minst av arbeidsgognene. Ein annan skilnad er der óg, nemleg den at folk no ikkje er so trottuge som fyrr — og so smångede.

Ein mengd med gardar og plassar, som no er attlagde, skaffa arbeid og føde til mange menneskje og hadde soleis stor innverknad på arbeidslivet i bygdene. Fleire av desse heimane låg høgt til fjells. Desse vert no — sume av dei — bruka til stølar, medan andre hev heilt vorte villmark. På stølane var det fyrr mykje meir liv og verksemd. I den retning er det stor skilnad på Telemark og Gudbrandsdalen t. d. Truleg er orsaki den åt folki i den fyrst nemnde landsluten ikkje tykkjer lønsemd i svarar til strevet.

Fyrr var folk mykje meir «alt mogeleg mann» til å laga gogn, klædebu- nad og husbunad. Vidare so var det mange fleire bygde-kunstnarar både av menn og kvinner. I rosemåling, treskurd, saum og veving t.d. hadde dei vel kome lenger fyrr enn no. Derimot stend folk lenger framme no, når det gjeld jorddyrking. På ein slik ting skynar dei seg betre — og dertil kjem at dei hev betre jordbruksreidskap. Når det no var so vel, at ein kunde halda fast på det gode gamle og sameina det med det gode i det nye, og skrinleggja det som er låkt både i gamalt og nytt, so vilde me nok gå inn i ei ljosare framtid.



Sétflot skule med lærarbustad bygd i 1915. Her var Hallvard Lid lærar i ei årrekke.